

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ove Sæbø	FE-612	17/223

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
019/2019	Arbeidsmiljøutval	PS	09.12.2019

Uttale - planteikingar for nytt nærings- og tenestesenter.

Forslag til vedtak:

AMU stiller seg bak planane/teikningar presenentert for AMU-medlemmane i HTV-møte 18.11.19. Bedriftshelsetenesta var ikkje til stades på denne presentasjonen, men har fått tilsendt teikningar med oppmoding om å sende uttale pr. epost.

Saksopplysningar:

I prosessen med planlegging av nytt nærings- og tenestesenter på Mo skal det gjevast uttale frå arbeidsmiljøutvalet – AMU.

Grunna utfordringar med tid førespurde rådmannen medlemmane i AMU om det var råd å gjennomføre ein presentasjon av teikningane for det nye nærings- og tenestesenteret i HTV-møte 18.11.19. I etterkant av presentasjonen vart AMU-medlemmane bedne om å svare pr. epost om dei hadde merknadar til planane eller ikkje. I tillegg om dei ynskte ordinær møtehandsaming av saka.

Bakgrunn

Arbeidsmiljøutvalet skal gje uttale i prosessen med å planleggje nytt nærings- og tenestesenter på Mo.

Vurdering

Alle medlemmane unnateke bedriftshelsetenesta (BHT) har pr. 29.11.19 gjeve tilbakemelding om at det ikkje er merknadar til planane. BHT har ikkje gjeve tilbakemelding.

Rådmannen ynskjer BHT sin uttale i AMU-møtet.

Konklusjon

Rådmannen ynskjer å vedtaksfeste den prosessen som har gått føre seg pr. epost, og rår til at AMU stiller seg bak planane for nytt nærings- og tenestesenter på Mo slik dei vart presentert i HTV-møte 18.11.19.

Arbeidsmiljøutval - 019/2019

AMU - behandling:

AMU - vedtak:

AMU stiller seg bak planane/teikningar presenertert for AMU-medlemmane i HTV-møte 18.11.19.